

ÅRSMELDING 2014

OS SOKNERÅD



ÅRSFEST/SOKNEMØTE FOR OS KYRKJELYD

SUNDAG 12. APRIL 2015 kl 18:00 i Kyrkjetunet.

Saker til drøfting/avgjerd:

- * Kyrkjelydsarbeidet 2014, mål og kva fekk vi til.
(SJÅ SIDE 2-4 I ÅRSMELDINGA)
- ** Gudstenestane – justering av ordningane
 - *** Kyrkjelydshuset – trinn III
 - **** Tal på medlemmer av Os sokneråd

Kyriaké deltek. Matøkt. Ord for natten.

Velkommen

Os sokneråd

EVALUERING AV ARBEIDSÅRET 2014 i OS KYRKJELYD

Kyrkjelyden har vedteke slik visjon: *nær Kristus – nær kvarandre – nær kvar dagen*

Strategiplanen er delt i 5 satsingsområde:

1. Barne- og ungdomsarbeid:

Målsetjing:

Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå.

Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.

PKT	Målformulering	Evaluering
1.1	Vidareføra trusopplæringsutval med ansvar for utvikling av trusopplæringsplan og gjennomføring av tiltaka som er planlagde. Vurdera eventuelle andre utval som trengst for å sikra eit samanhengande og systematisk barne- og ungdomsarbeid.	<i>Trusopplæringsplan ferdigstilt og godkjent 2014. Fleire nye tiltak sette i verk. Vurdera ungdomsråd som kan tenkja breitt og heilskapleg i ungdomsarbeidet.</i>
1.2	Sikra kompetanse på området hos tilsette og frivillige. Sikra at alle tilsette og frivillig har felles forståing om opplegg, samarbeider om trusopplæringsstiltak og set desse inn i ein samanheng.	<i>Tilsette delteke på ulike kurs/samlingar, samt drøfta ulike tiltak internt + i planfase saman med frivillige.</i>
1.3	Vektleggja vidareføring av barn og unge frå eitt aldersnivå til eit anna.	<i>Tidvis lukkast vi. Trusopplæringsstiltaka vil innarbeida ein praksis der ein alltid gjev barn og vaksne innbyding til aktuelle samlingar og fellesskap i kyrkjelyden. Dette vil vi setja inn i arbeidsplanane for dei enkelte tiltaka.</i>
1.4	Læra opp unge til leiaroppgåver	<i>I ungdomsarbeidet fungerer leiarrekuttering, disippelskap og trening i leiaroppgåver stort sett godt, men vi treng ein heilskapleg plan for framdrift, leiaromsorg og leiartrening.</i>
1.5	Delta på fellesopplegg for barn / unge i regi av DNK og barne- og ungdomsorganisasjonar.	<i>Vinterfestival etablert fast. «Konf-camp» nytt tiltak frå 2014/2015.</i>

2. Diakoni

Målsetjing: *Med utgangspunkt i Diakoniplanen for DNK utøva praktisk diakoni og gjera arbeidet synleg og kjent i Osbygda*

PKT	Målformulering	Evaluering
2.1	Sikra eit breitt samansett og tilretteleggjande diakoniutval med ansvar for å halda levande eit diakonalt medvit i kyrkjelyden.	<i>Nyrekkuttering av utvalet har vore vanskeleg. Forutan 2 repr. frå SR, er det berre eitt medlem med spesiell kompetanse på klimaspørsmål.</i>
2.2	Arbeida for framhald og evt utviding av diakonistilling, med målsetjing om auke til 100% stilling i planperioden. (Arbeida for å få stateleg tilskot for 50 % av stillinga).	<i>Ved siste utviding av ramma for statleg tilskot vart ikkje Os prioritert. Kommunen har ikkje vist interesse for å auka tilskot slik at stillinga kan utvidast. Rekruttering til deltidsstilling gjer stillinga mindre attraktiv.</i>
2.3	Justerar og arbeida ut frå lokal diakoniplan og i arbeidet leggja vekt på: <ul style="list-style-type: none"> ø inkluderande fellesskap ø utoverretta verksemد ø førebyggjande tiltak; ø utvikling av grøn kyrkjelyd i samarbeid med kommunale og frivillige instansar 	

2.4	Utgreia ferdig og starta opp eit tiltak retta mot utsett ungdom	<i>Forsøksvis oppstart våren 2014, men liten respons på tiltak lokalisert til Amfi-senteret.</i> <i>Forsøksvis oppstart «etter skuletid» hausten 2014 i K-tun. Lite oppmøte av ungdom som ein primært hadde ønskje om å gje eit tilbod.</i>
-----	---	--

3. Gudstenesteutvikling:

Målsetjing:

Gjennom kristussentrert og livsnær liturgi og forkynning utvikla varierte gudstenester som alle aldersgrupper kan kjenna seg heime i.

PKT	Målformulering	Evaluering
3.1	Oppretthalda eit gudstenesteutval som ser alle gudstenestetilboda i ein samanheng og er aktivt med i planlegging av gudstenestetilbod og innhald i gudstenestene.	<i>Gudstenesteutvalet har hatt jamlege møte, der ein har arbeidd med årsplanlegging av gudstenester, evaluert ordninga vår etter 2 år, og vurdert gjennomførte gudstenester opp mot vedtak. I tillegg er det eit eige musikkutval som jobbar med musikk-innslag i gudstenestene. Det har vore noko samarbeid mellom banda som har ansvar for 5på11-gudstenestene, og det er utval i Nore Neset som jobbar spesielt med gudstenestene der. I Lysefjorden er det og eit utval som presten samarbeider med om gudstenestene på skulen.</i> <i>Gudstenestene er det viktigaste samlingspunktet i kyrkjelyden og det er difor viktig at det er nokon som har spesielt fokus på dei.</i>
3.2	<i>Utvikla eit gudstenestetilbod som både tek vare på mangfoldet og er samlande for heile kyrkjelyden.</i> <i>Aktuelle tiltak:</i> <ul style="list-style-type: none">ø involvera og fokusera på barn og unge i gudstenester, i samarbeid med dei som jobbar med barn og unge i kyrkjelydenø kommunisera til kyrkjelyden kva gudstenester vi har og kviforø reindyrka og kvalitetssikra ulike gudstenesteformer, t.d. ungdomsgudsteneste, familiegudsteneste, "gudsteneste med band", keltisk messe - evt. også andreø utviklea vidare eit variert musikalsk uttrykk i alle gudstenesterø innføra «Sprell levande» for barn i høgmessetidØ skipa til gudstenesteverkstad ved einskilde gudstenester	<ul style="list-style-type: none">• barn/unge: 1 x mnd i kvar av kyrkjene. Kontinuerleg prosess for å innarbeida trusopplæringstiltak. Konfirmantar, ungdomsarbeid og Join Us i desse gudstenestene. Det siste året har det vore særleg fokus på å få planlagt deltaking i god tid, slik at det blir aktiv medverknad frå ulike aldersgrupperingar.• kommunikasjon om gudstenestetypar er under arbeid. Her kan vi bli betre.• reindyrkinga er også ein kontinuerleg prosess• musikalsk utvikling skjer.• «sprell levande» er innført og blir brukt av gruppa som har ansvar for barnesamlingane.• gudstenesteverkstad har vore prøvd, særleg når det gjeld barn/unge. Invitasjon til vaksengruppa viste lita interesse.
3.3	Følgja opp innføringa av ny gudstenesteordning med evaluering i 2014	<i>Er gjort, sjå eiga sak</i>
3.4	Synleggjera gudstenestene i lokalsamfunnet	<i>Skjer også, men her er det også sikkert råd å gjera ting betre.</i>

4. Fellesskap i kyrkjelyden.

Målsetjing:

Utvikla og styrkja den andelege og sosiale fellesskapen i kyrkjelyden.

PKT	Målformulering	Evaluering
4.1	Leggja til rette for relasjonsbygging i kyrkjelyden gjennom inkluderande fellesskap for alle	<i>Det er berre gudstenestene som i si form har alle som målgruppe.</i>

	aldersgrupper og på tvers av aldersgrupper.	
4.2	Stimulera og leggja til rette for deltaking i gruppefellesskap.	<i>Forsøksvis etablert tidsavgrensa grupper knytt til sorg-arbeid. Dei fleste bibel- og samtalegruppene i Os er av «privat» karakter; dvs. starta på eige initiativ mellom venner og kjende. Inga form for registrering eller innmelding av slike grupper til stab.</i>
4.3	Leggja til rette for undervisning for vaksne; etablera eit undervisningsutval.	<i>Nokre idear har vore lufta, men ikkje konkrete tiltak. Nokre etablerte tiltak har klåre element med undervisning/kunnskapsformidling på ulike problemstillingar; t.d. Koinonia (hovudsak personar 70+) og TiTT (hovudsak aldersgruppe 50-75).</i>
4.4	Jobba med å handtera ulikskap i stilartar, meininger og ytringsformer i kyrkelyden.	<i>Ingen spesifikke tiltak, men ein prøver å formidla rausheit for ulike uttrykksformer og gje plass for mangfold.</i>
4.5	Jobba for å utvida forståing av kva ein kyrkjelyd er.	<i>Ingen spesifikke tiltak, men nyttar tidvis høvet gjennom forkynning og andre måtar å formidla mangfaldet i kva ein kyrkjelyd er.</i>

5. Soknerådet som forvaltar

Målsetjing:

Utvikla og styrkja soknerådet og staben sin kompetanse i god og effektiv forvalting av menneskelege, økonomiske og materielle ressursar.

PKT	Målformulering	Evaluering
5.1	Forvalta kyrkjene slik at dei er gode og tenlege for gudstenester og kyrkjelege handlingar, men òg for andre samlingar til oppbygging av kyrkjelyden (konsertar og andre kulturelle uttrykk).	<i>Forutan fortløpende vedlikehald, utbetra lydanlegg i Os kyrkje, montert rampe for rørslehemma og musikk-instrument. Utbetra el-anlegg (brannførebyggjande tiltak)</i>
5.2	Forvalta og drifta gravplassane og sikra nok gravplasskapasitet til ei kvar tid.	<i>Utviding av Kuventræ gravplass 2014; formelt ikkje overteken, då det er nokre manglar. Reguleringsplan for ny gravplass på Nore Neset.</i>
5.3	Forvalta, drifta og vidareutvikla Kyrkjetunet til å vera ein tenleg arena for eit variert kyrkjelydsarbeid.	<i>Ikkje særleg vedlikehaldsarbeid i 2014. Rekruttering av fleire frivillige til dugnad går trått; auka bruk av leigd hjelp. Revidert teikningar for trinn III og starta detaljprosjektering av utbygging trinn III.</i>
5.4	Soknerådet er arbeidsgjevar og må sikra gode og tenlege arbeidsforhold for sine tilsette med tanke på dei oppgåvane som skal løysast, fagleg og åndeleg utvikling og eit inkluderande, trygt og utviklende arbeidsmiljø.	<i>Gode og tenlege lokale for alle tilsette. Sjukefråvær 2014 på 4,8 % (Inkl. fråvær pga. sjuke barn). Dei fleste har vore på eit eller fleire faglege kurs/samlingar.</i>

ÅRSmelding - VerbalDEL

TEMA
<p>1.0 Organisasjon</p> <p>Os sokneråd har funksjon både som sokneråd og fellesråd i Os kommune. Rådet har slik samansetjing og har fordelt funksjonar slik:</p> <p>Per Torgeir Nilsen, leiar, Osvald Hindenes, nestleiar, Liv W. Aspaker, Øystein Hetlevik, Inger Johanne Prestvold, Øyvind Gjerde, Ragnhild S. Haugland, Svein Arne Bakke, Per Solberg, Torild Aadland og Margrethe H. Askeland (sokneprest).</p> <p>Varamedlemmer: Inger Johanne Haugland, Kjell Inge Drønen, John Ivar Kopperud, Ingebjørg Nordtveit. Roar Evjedal (kapellan).</p> <p>Varaordførar Marie Bruarøy held fram som kommunal representant i Kyrkjestyret (Fellesrådsfunksjon) med Terje Søviknes som vararepresentant.</p> <p>Einar Ekerhovd har hatt permisjon heile 2014. John Ivar Kopperud har søkt om fritak; han er innvilga permisjon ut valperioden.</p> <p>Arbeidsutval: (AU): Arbeidsutvalet føreburr saker til soknerådet og tek avgjerd i enkle ikkje-prinsipielle saker. AU er sett saman slik: Leiar Per Torgeir Nilsen, n-leiar Osvald Hindenes, Inger Johanne Prestvold og Margrethe H. Askeland. Toril Aadland vararepr.</p> <p>Driftsstyret (DRS) har delegert fullmakt til å avgjera «fellesrådssaker» av ikkje-prinsipiell karakter. DRS er sett saman av AU + kommunal representant.</p> <p>Gjennom delegasjonsreglement er kyrkjeverja delegert fullmakt til å gjera ulike administrative vedtak; i hovudsak knytt til gravferdsforvalting, personal- og økonomireglement.</p> <p>Viktige saker som har vore handsama i 2014:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Budsjett 2014 • Rekneskap 2013 • Reviderte planar for utviding av Kyrkjetunet (trinn III) • Engasjering av Akasia til å prosjektera og laga grunnlag for anbodsinnhenting trinn III • Godkjenna trusopplæringsplan • Høyringsfråsegn omkring gravferdsforvalting og kyrkjeleg organisering • Planlegging og gjennomføring av julemesse • Godkjenning av plan for Kuventræ gravplass • Fordeling av offer • Oppnemning av nominasjonsnemnd • Framlegg til kandidatar til Bispedømerådsvalet <p>Bilde: Frå «arbeidsstova» på Julemesse i november.</p> 

Stillingar:

Os sokneråd har arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Seksjon	Årsverk	Merknad
Administrasjon	2,55	
Drift kyrkje/kyrkjegardar	3	
Kyrkjemusikk	1,5	
Undervisning	1	
Trusopplæring	1,4	
Kyrkjelydsarbeid	2,5	(Barne- og ungdomsarb., diakoni og friv. koordinator)
SUM STILLINGAR	11,95	(Fordelt på 14 medarbeidarar)

Bispedømerådstilsette.

Prost Margrethe H. Askeland var prost i Midhordland fram til 28/2-14 då prostiet vart nedlagt og Os vart innlemma i Fana prosti. Samstundes vart prestetenesta omorganisert, og Margrethe H. Askeland vart sokneprest, Roar Evjedal vidarefører si stilling som kapellan. Den tredje prestestillinga vart omdefinert til prostiprest/seniorprest, og Knut Ivar Askeland har denne stillinga. Han har i hovudsak tenestested Os sokn.

2

Gudstenester

Gudstenestelivet i Os er framleis rikt og mangfaldig. At vi får til dette, skuldast ein fleksibel stab og ikkje minst eit stort tal frivillige som tar oppgåver og ansvar i gudstenestene. Det er svært mange som tek del i gudstenestene med oppgåver som kyrkevertar, kalkvaskarar, frivillige musikarar og songkrefter, tekstlesarar, foreldre som tek ansvar for barnesamling, nattverdmedhjelparar og ansvarlege for kyrkjekaffi. Ei stor takk til alle som bidreg til å gjera kyrkjelyden sine gudstenester så rike.

Dei 3 ordningane som er vedtekne har festa seg.

1. Hovudgudstenesta med dåp og/eller nattverd femner breitt. I løpet av året er det etablert ei gruppe foreldre som har tatt ansvar for barnesamling under gudstenestene i Os. Av naturlege grunnar har ikkje soknepresten hatt høve til å vera med på desse, men det er særskilt gode tilbakemeldingar. Dei fleste gongene vert barna henta inn igjen slik at dei kan ta del i nattverden.
2. Gudstenester med barn og unge. I vedteken ordning skal det vera 1 i kvar kyrkje kvar månad. Det er viktig at ein får lagt ein plan slik at det er barn/unge involverte i førebuing og gjennomføring av desse. Det har glippa et par gonger i året som gjekk, særleg i Nore Neset. Dette ser det ut til at vi har fått retta på i gudstenesteplanen for 2015. Ein god del av desse gudstenestene er knytte opp mot trusopplæringstiltak.
3. Gudsteneste med band («5-på-11») har synt seg som ei levedyktig – men innimellom noko sårbar-gudstenesteordning. Eit stort arbeid vert lagt ned av frivillige krefter. Til tider ei krevjande arbeidsform, men ein har ein kontinuerleg prosess for å få til eit meir planmessig samspel mellom frivillige og stab.

I tillegg til desse tre vedtekne hovudgudstenestene har vi ein gong i månaden dåpsgudsteneste kl 10. Dette er ei fullverdig gudsteneste, sjølv om ho er noko kortare enn dei andre gudstenestene vi har. Dei som vel denne gudstenesta, gjev gode tilbakemeldingar.

Det har lenge vore eit ynskje om at ein skal ha band-instrument ståande framme i kyrkja på permanent basis. Desse vart anskaffa og er på slutten av året komne på plass i kyrkjerommet.

Gudsteneste for alle betyr tilgjenge for alle, også ved nattverdbordet. Vi fekk i 2014 på plass rullestolrampe som gjev tilgang for den som treng rullestol eller rullator for å komma seg opp i koret.

Statistikkgrunnlag som blir sendt Statistisk sentralbyrå ligg som vedlegg til denne rapporten. Gudstenestene i dei to kyrkjene våre fylgjer fast turnus. I tillegg er det gudstenester på Lysekloster, 2 i kapellet og 2 på skulen, 1 på Søfteland bedehus, 2 på Luranetunet, 1 på Ravneberghaugen og 1 på Liafjellet. Også gudstenester i samband med kyrkjelydsturane til Brandøy og Helgatun.

Gjennomsnittleg tal deltakarar frå år til år syner svak auke, det må vera lov å glede seg over det.

		2011	2012	2013	2014	
Gj.sn/gt Os	161	160	165	167		
Gj.sn pr gt NN	116	110	119	123		

Gudstenesteutvalet har halde fram med sitt arbeid i 2012 etter at gudstenesteordningane vart tekne i bruk. Medlemmane er stadig opptekne av gudstenestene og å vidareutvikla og kvalitetssikra dei. Samstundes er dei opptekne av at kyrkja skal vera synleg i samfunnet, og koma med konstruktive innspel til å arrangera gudstenester knytt til aktivitetar i samfunnet elles, som kystsogedagane, Ulvenmarsjen, korsvandring langfredag, og kyrkja sin fødselsdag. Det er teke kontakt med andre aktørar, og ein freistar leggja desse tiltaka inn i gudstenesteplanane i åra som kjem. Hausten 2014 gjennomførte vi ei evaluering av gudstenestene. Målsetjinga er at ein har klar konklusjonane som eiga sak til årsmøtet (soknemøte).

Medlemmene i gudstenesteutvalet har vore: Lill-Karin Wallem (leiar), Grethe Inger Berge, Ingebjørg Nordtveit, Øyvind Gjerde, Margrethe Dahl, Andrew P. Holman og Margrethe Holmboe Askeland.

Særskilde gudstenester

- 05.01.14 Avskjed med Anne-Marie Sandve
- Nokon tradisjonelle gudstenester med særleg inviterte held fram, t.d. minnegudstenester i begge kyrkjene helgemessesøndag og konfirmantjubileum
- At vi har fått vår eigen trusopplæringsplan, merkast og på gudstenestelivet: 4 årsbok, 6-årsbok, Lys Vaken for 11-åringar no også i Os, og meir kjem. Dette er også med å gje liv og fornying til gudstenestene.
- Ny vri i påska: Skjærtorsdagsgudstenesta vart i fjar lagd til Nore Neset, der det var skipa til kveldsmat etter gudstenesta. Langfredag føremiddag var det gudsteneste i Os kl. 12 etter korsvandring i sentrum. Denne fornyinga av påskefeiringa i kyrkjelyden vil ein halda fram med.
- Det viste seg ikkje like lett å «hekta seg på» Ulvenmarsjen og kystsogevekene.
- Ungdomsgudstenestene har dei siste åra hatt ei anna form. Dei vart flytta frå kyrkja til Kyrkjetunet og er ungdomsmøte ein gong i månaden. Nattverden på desse møta vert forretta av ein av kyrkjelyden sine prestar.



2.0.1

Andaktsteneste

Prestetenesta i Os syter for andaktar på Luranetunet, Os sjukeheim, Ravneberghaugen og Gamleheimshagen. I 2014 vart det helde 80 andaktar på desse institusjonane i tillegg til gudstenestene. Takk til Kaare Bakke, Per Fimreite og Osvald Hindenes som stilte opp og gjorde dette mogeleg også i eit år der ein framleis mangla noko presteressurs på våren. På andaktane er det også viktig at ein har musikk, og organistane våre eller frivillige musikarar har vore med. I tillegg til andaktane har prestane faste tider på sjukeheimen for samtale med dei som måtte ynskja det. Ein vert og tilkalla til omsorg for døyande, nattverd hos sjuke mm.

2.0.2

Andre forsamlingar

I Os er det fleire forsamlingar som har sine møte og gudstenester: Os misjonsmenighet, Os-fellesskapet, bedehusa på Søfteland, Hagavik og Os sentrum (ikkje fast aktivitet på bedehusa i Søre Øyane og Søre Neset). Det er ikkje noko formelt samarbeid mellom kyrkja og desse forsamlingane, men det er eit bønefellesskap gjennom ordninga «saman i bøn for Os».

3.0

Kyrkjelege handlingar

172 døpte. Dette er 81% av barn av medlemmer/tilhørige. (i fjar 171 = 79%)

172 konfirmantar, som er 78 % av tilhørige/medlemmer i årsgruppa.

38 vigslar (37, 45, 46)

105 gravferder (96, 110, 109, 104)

	Prestane førebur dåp, vigsel, gravferd med dei familiene dei får med å gjera i samband med kyrkjelege handlingar. Konfirmantane fylgjer eige opplegg.																																																
4.0	<p>Økonomi</p> <p><i>Soknerådet har bokført inntekter slik:</i></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Inntekter</th><th></th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Egenbetaling, husleigeinntekter, sal av varer/tenester</td><td>2 652 725</td></tr> <tr> <td>Refusjon frå staten (MVA, sjukepengar)</td><td>730 478</td></tr> <tr> <td>Trosopplæringsstilskot</td><td>1 683 268</td></tr> <tr> <td>Offer eiga kyrkjelyd</td><td>178 158</td></tr> <tr> <td>Offer andre</td><td>327 092</td></tr> <tr> <td>Innsamla Kirkens nødhjelp (Fatseaksjon og støttekonsert)</td><td>174 163</td></tr> <tr> <td>Gjevartenesta</td><td>203 350</td></tr> <tr> <td>Bladpengar</td><td>104 200</td></tr> <tr> <td>Andre gåver til kyrkjelyden/trinn III</td><td>551 924</td></tr> <tr> <td>Driftstilskot Os kommune</td><td>6 998 408</td></tr> <tr> <td></td><td>13 603 766</td></tr> </tbody> </table> <p><i>Utgifter:</i></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Utgifter</th><th></th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Lønskostnader</td><td>7 498 884</td></tr> <tr> <td>Driftskostnader</td><td>3 648 648</td></tr> <tr> <td>Refusjonar</td><td>78 000</td></tr> <tr> <td>Tilskot/gåver/MVA-komp</td><td>1 027 051</td></tr> <tr> <td>Sum drift</td><td>12 252 583</td></tr> <tr> <td>Finanskostnader</td><td>511 950</td></tr> <tr> <td>Bruk av disposisjonsfond</td><td>-1 099 664</td></tr> <tr> <td>Avsett til disposisjonsfond</td><td>1 538 847</td></tr> <tr> <td>Overskot julemesse til fordeling</td><td>50 000</td></tr> <tr> <td>Sum kostnader</td><td>13 253 716</td></tr> <tr> <td>Netto overskot</td><td>350 050</td></tr> </tbody> </table> <p>Overskot avsetjast til byggefond til trinn III. Med desse og tidlegare avsettingar, er samla byggefond til trinn III er pr 18/3-2015 kr 3 500 000,-.</p> <p>Moment til glede:</p> <ul style="list-style-type: none"> • God oppslutning om fasteaksjon og støttekonsert i samband med TV-aksjonen til Kirkens nødhjelp. • Auke i offer til eigen kyrkjelyd. Framleis god gjevarglede til eksterne formål (misjon, bistand, utdanningsinstitusjonar, diakonale institusjonar.) • Samla innbetalingar/gåver til trinn III i 2014: 303 166,- • Samla tall på gjevarar til trinn II: 64 , 13 av desse var nye i 2014. • Faste månadlege gjevarar: 10, derav 3 nye i 2014. <p>Inntekt som gir uro/bekymring:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Berre 104-tusen i frivillig bladkontingent (tilsvarar ca 520 husstander av over 7000 husstander totalt i Os.) • Os kommune er den kommunen i Bjørgvin som gir minst til kyrkjeleg verksemd kr 384,- pr innbygger (Tal frå SSB- Kostra – som kommunen har meldt inn.) [Samanlikning: Stord: 398 , Fjell: 558.] • Korleis skal vi motivere fleire til å melde seg til fast gjevarteneste ? 	Inntekter		Egenbetaling, husleigeinntekter, sal av varer/tenester	2 652 725	Refusjon frå staten (MVA, sjukepengar)	730 478	Trosopplæringsstilskot	1 683 268	Offer eiga kyrkjelyd	178 158	Offer andre	327 092	Innsamla Kirkens nødhjelp (Fatseaksjon og støttekonsert)	174 163	Gjevartenesta	203 350	Bladpengar	104 200	Andre gåver til kyrkjelyden/trinn III	551 924	Driftstilskot Os kommune	6 998 408		13 603 766	Utgifter		Lønskostnader	7 498 884	Driftskostnader	3 648 648	Refusjonar	78 000	Tilskot/gåver/MVA-komp	1 027 051	Sum drift	12 252 583	Finanskostnader	511 950	Bruk av disposisjonsfond	-1 099 664	Avsett til disposisjonsfond	1 538 847	Overskot julemesse til fordeling	50 000	Sum kostnader	13 253 716	Netto overskot	350 050
Inntekter																																																	
Egenbetaling, husleigeinntekter, sal av varer/tenester	2 652 725																																																
Refusjon frå staten (MVA, sjukepengar)	730 478																																																
Trosopplæringsstilskot	1 683 268																																																
Offer eiga kyrkjelyd	178 158																																																
Offer andre	327 092																																																
Innsamla Kirkens nødhjelp (Fatseaksjon og støttekonsert)	174 163																																																
Gjevartenesta	203 350																																																
Bladpengar	104 200																																																
Andre gåver til kyrkjelyden/trinn III	551 924																																																
Driftstilskot Os kommune	6 998 408																																																
	13 603 766																																																
Utgifter																																																	
Lønskostnader	7 498 884																																																
Driftskostnader	3 648 648																																																
Refusjonar	78 000																																																
Tilskot/gåver/MVA-komp	1 027 051																																																
Sum drift	12 252 583																																																
Finanskostnader	511 950																																																
Bruk av disposisjonsfond	-1 099 664																																																
Avsett til disposisjonsfond	1 538 847																																																
Overskot julemesse til fordeling	50 000																																																
Sum kostnader	13 253 716																																																
Netto overskot	350 050																																																

5.0	<p>Bygg og anlegg</p> <p>Kyrkjetunet</p> <p>I påvente av trinn III har det ikkje vore gjort særlege opprustings- eller vedlikehaldstiltak i Kyrkjetunet, men småskadar og liknande har ein prøvd å utbetra fortløpande.</p> <p>Kyrkjetunet (og annan bygningsmasse tilhøyrande Os sokneråd) har fått nytt låssystem. Eit kombi-låssystem med mekaniske nøklar påsett elektronisk chip, som gjer at ein kan «skall-sikra» (setja nøklar ut av funksjon på ytterdører) når nokon har mista nøkkelen.</p> <p>Kontorfløy</p> <p>Det er gjennomført garantikontroll og mindre reparasjoner/utbetringar innafor avtalt garantiordning. Staben har særskilt gode og tenlege kontor og kontorteknisk utstyr.</p> <p>Gravplassar</p> <p>Det er Os sokneråd som har drifts- og forvaltingsansvar for gravplassane i Os. Denne tenesta gjer soknerådet på vegne av storsamfunnet og skal tene alle innbyggjarane uavhengig av trus- og livssynsamfunn.</p> <p>Nytt areal (ca. 1000 nye graver) til Kuventræ gravplass skulle vera ferdig sommaren 2014. Det meste av gravplassen er ferdig, men Os kommune og Os sokneråd har ikkje akseptert ferdigstilling (i hovudsak overflater) som skal utbetrast når ny vekstsесong startar (april/mai). Os sokn er ikkje tilført nye ressursar for å drifta det nye arealet; dette må avklårast før arealet formelt kan overtakast.</p> 
5.0.1	<p>Byggjeprosjekt</p> <p>Hausten 2014 vart det sett i gang prosjektering av Kyrkjetunet trinn III, og Akasia vart engasjert i dette. Soknerådet godkjente reviderte teikningar i desember, der storsal ikkje vert kopla på Eldstova. Dette gir enklare og billigare teknisk tilbygg og gjev oss høve til å nytta eksisterande areal i byggjeperioden. Den store utfordringa vil likevel vera å få til ei tenleg finansiering.</p>
6	<p>Barnearbeid</p> <p><u>Barnekor</u></p> <p>Familiekoret «ShubaDups» har også i år vore ein stor suksess, og det er per i dag 75 store og små som samlast i eldstova annankvar måndag. Dette er eit kor for born i alderen 2-7 år, som i følgje med foreldre, besteforeldre eller andre vaksne syng og leikar saman før vi avsluttar med kveldsmat i lag.</p> <p>Vi opplever at dette er eit tiltak både vaksne og born har stor glede av, og som verkar positivt for samhaldet.</p> <p>Hausten (2014) har vi jobba for og få inn fleire frivillige til å leia. 4 foreldre har vore spesielt spurt, og har vore med og hatt leiinga på sjølve øvingane. Hovudansvar denne hausten har Hege Varhaug-Lekven hatt. Ansvaret går ut på å planleggja øvingane, fordela oppgåver på dei som skal vera med og leia, kjøpa inn mat og laga lister på kjøktenesta. Vi har jobba for å fordela ansvaret for maten mellom alle foreldra. Det har fungert bra. 3-4 foreldre kvar gong blir sette opp og gjer maten klar under øvinga.</p> <p>Vi har hatt sommar- og julekonsert i kyrkja, samt sunge på julemessan i Kyrkjetunet.</p> <p>Barnekoret Glasongarane er i Nore Neset kyrkje kvar torsdag under leiing av Eline Hunnes og Anna Lilleås frå Kongshaug musikkgymnas. Det har vore noko variabelt oppmøte, mellom 5 og 8 barn, men like fullt eit viktig og flott tilbod for dei barna som er der.</p> <p><u>Babysong</u></p> <p>Babysong har lenge vore eit populært tilbod for nybakte mødrar. Vi har no utvida tilboden til kvar veke og ser at det er stor pågang og mange som set pris på å koma saman. Mange av dei som har gått på babysong</p>

begynner også i familiekoret med eldre barn.

Babysong på Nore Neset er no blitt eit etablert tilbod. Alle som har døypt barna i tilhøyrande krins, får skriftleg invitasjon. Det blir i tillegg annonsert, der alle er invitert til å mælda seg på.

Det er fin oppslutning på 10-20 deltagarar per semester.

Søndagsskulane

Vi har dette året hatt ei stabil og god gruppe som har hatt ansvaret for barnesamlingane under gudstenestene. Desse leiarane har fått til eit stabilt og forutsigbart opplegg på barnesamlingane, der dei i stor grad tek utgangspunkt i søndagsskuleopplegget Sprell Levande. Vi har også fått eit fast rom i undervisningsrommet som fungerer som søndagsskulerom dei søndagane det er barnesamling. Tilbakemeldingane både frå barn og vaksne har vore svært positive. Vi ønskjer å utvikla dette vidare saman med desse leiarane, og ønskjer å kunna tilby meir kursing og motivasjonssamlingar i forhold til Sprell Levande. Vi håper også å kunna få med endå fleire leiarar til dette arbeidet, slik at vi kan utvikla eit miljø for barna på mellomtrinnet kalla «Tweens» også.

Søfteland måndagsklubb

Dette har i fleire år vore eit flott tilbod for born frå 4 år og oppover. Dei held til på Søfteland bedehus og møtest kvar måndag kl. 17.30-18.30. Det har vore varierande oppmøte, frå 5 – 10 barn per gong.

Måndagsklubben tilbyr ulike aktivitetar som song, teikning m.m, avhengig av kven som går der. Barna får også høyra ei bibelforteljing.

Halhjem barneklubb «B-gjengen»

B-gjengen er ein klubb for elevar i 1-4 klasse. Vi held til på Halhjem barneskule annankvar laurdag kl. 12-13.30, og dette året har det vore om lag 20 barn som har vore faste brukarar av klubben. Første timen har vi ulike aktivitetar som hobby, mat, leik & spel, av og til fotball, før vi har samling med bibelforteljing og litt song. Til slutt et vi det matgruppa har laga. Dette er veldig kjekt!

FamilieKRIK

(Leiargruppe melder:) Vi har i 2014 hatt faste treningar i Nore Neset aktivitetshus, der vi leiger forsamlingslokale og 3-delt idrettshall. Vi har hatt treningar om lag ein gong per månad. Det har vore mellom 40 og 80 deltagarar på treningane, vanlegvis om lag 65-70.

Vi har instruktør med brattkort og tilgjengeleg klatrevegg, og bruker dette aktivt på treningane våre. Vi har fast andakt og litt musikk og song kvar gong.

19.-21. september 2014 reiste vi på vår årlege KRIK-tur til leirstaden Brandøy i Rogaland. Om lag 100 deltagarar hadde ei aktiv og kjekk helg i lag, med aktivitetar som morgenbad, tautrekking, friidrettssirkel, motbakkeløp m.m. Prestane Bård og Kjersti Norheim var med for å halda samlingar fredag og laurdag, samt gudsteneste søndag.

Vi ønskjer å ha ein vinterweekend i tillegg, og har stilt oss i kø for å få leiga plass på leirlassen Helgatun i Myrkdalen.

Vi har sendt søknadar om støtte til arbeidet vårt, og i juni 2014 fekk vi ei gåve på kr.15 000,- frå Sparebank-stiftelsen i Os. Vi har kjøpt inn ein del utstyr, som t.d. klatreselar, samanleggbar fotballmål, fleire ballar og lydplanke for desse pengane. I tillegg må vi betala leige for aktivitetshallen der vi har søndagssamlingane våre.

Ved årsskiftet har vi om lag 45 barn under 18 år registrerte i KRIK sentralt sine dataregister.

Os familieKRIK blei godkjent som grasrotmottakar i desember 2014, slik at vi kan motta grasrotandel av midlar frå Norsk tipping.

Os familieKRIK har ein eigenandel på 250 kr per familie til vårt lokallag, i tillegg til at kvar familie betalar til KRIK sentralt.

Styret har hatt to møte i løpet av året, og har elles ansvar for alle treningar, turar, utstyr, budsjett og midlar m.m.

	<p>Det var stor aktivitet i speidargruppa i 2014, fordelt på 3 ulike aldersgrupper. For dei eldste var det store høgdepunktet landsleiren i Asker i august. Her møttest 5000 speidarar frå heile landet, bygde opp ein stor teltby, og hadde masse kjekke aktivitetar i 8 dagar til ende. Frå Os var det 28 som reiste. No er det 4 år til neste gong.</p> <p>Også på dei jamlege speidarmøta kvar måndag har det vore stor aktivitet. Oppmøtestad er som regel Kyrkjetunet, men vi legg også vekt på å bruka nærmiljøet mykje. Segling og padling er populære aktivitetar. I tillegg reiser vi på turar, leirar og regionale arrangement. I gruppa har vi eige opplegg for oppdagrarar (2-3. klasse), stifinnarar (4-5. klasse) og vandrarar (6-10. klasse). Det er også nokre få rovermedlemer (over 10. klasse). Vi er 10 aktive leiarar, og fleire andre vaksne støttespelarar – totalt 88 medlemmer. Det er dessverre venteliste for å byrja (gjeld dei yngste), så helst skulle vi haft fleire leiarar til den aldersgruppa.</p>	
7.0	<p>Ungdomsarbeid</p> <p>Ungdomsarbeidet i 2014 har vidareført det meste frå året før. Join Us og Klubben har fortsett sitt arbeid, i tillegg blei det i januar starta ei slags bibelgruppe, kalla «Klubbfellesskapet», for ungdommar som vil veksa i trua på Jesus. I haust vart denne gruppa del av trusopplæringsstiltaket «Ungdomsalfa», som vi arrangerte for fyrste gong dette året. Her har vi vore mellom 10 – 20 stk.</p> <p>Vi opplever bra med folk i miljøa. På Join Us har ein vore mellom 30 og 40 og på Klubben mellom 40 og 70. Fleire nye tar medleiar- og leiaransvar, sjølv om fleire av dei sentrale leiarane i både Join Us og Klubben forsvann i sommar. I alt vil vi seia at vi har ei god frivillig leiardekking av unge leiarar.</p> <p>Øg i år er det fleire som har gått frå å ikkje rekna seg som kristen, til å tydeleg vedkjenna at dei trur på Jesus. Utanom dette er det mange som gjennom året har vitna om personlege truserfaringar. Vi opplever at miljøa er positive og at leiarane er sunne og gode rollemodellar.</p> <p>Av stabsutskiftingar så gav Aleksander Svendsen og Marita Hjelle, som var dirigentar i Join Us, seg i sommar, og organist Åse Kristin Urdahl tok over denne jobben. Anita H. Berge gjekk ut i fødselspermisjon, og diakon Jannike Gangstø ut i studiepermisjon. Stillingane som 50% trusopplæringsmedarbeidar og 50% diakon tok Magnhild Vik over i august. I tillegg vart Knut Anders Stokke engasjert i ei 20% stilling som leiar for Join Us-band og styreleiar i Klubben.</p> <p>Turar</p> <p>Vi arrangerte tur for andre året på rad til Soul Survivor i England. Denne gongen var turen ikkje for konfirmantar, men frå 10. kl. og oppover. I tillegg fekk vi også nokre frå Salhus med oss og var nesten 50 stk som reiste. Turen var ein suksess igjen og mange gjorde seg nye truserfaringar, gjennom talar, lovsong, fellesskapet og forbøn, og vaks i trua.</p> <p>I år vart det for fyrste gong arrangert tur til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Barrow, Nord-England. Det skjedde i haustferien, og det var ca. 25 stk totalt som reiste.</p> <p>I haust arrangerte vi også trusopplæringsstiltaket «Youth Alive»-weekend for fyrste gong. Vi var då 25 stk som reiste til bedehuset i Eikelandsosen og opplevde det svært positivt.</p> <p>I tillegg vart det arrangert turar, som tidlegare, til Impuls,</p>	 

	Vinterfestivalen, Oase og Get Focused (berre for nokre leiarar). Vi opplever turane som svært viktige både for miljøskapinga og for vekst i trua.
8.0	<p>Trusopplæring</p> <p>Trusopplæring og undervisning</p> <p>Målsetjing (strategiplan for Os sokn): Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå.</p> <p>Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.</p> <p>Innarbeidde tiltak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Dåpsførebuing 2. Dåphelsing til eitt-åringar (spisebrikke) 3. Utdeling av adventsbok-kalender til 3åringar 4. Utdeling av 4-årsbok 5. Utdeling av 6-årsboka 6. Lys Vaken 7. Konfirmantarbeid: <ul style="list-style-type: none"> a. Åtte ulike gruppertilbod. <ul style="list-style-type: none"> <i>Avslutta gruppe:</i> KRIK idrett <i>Nye grupper:</i> SamanFORandre, KlubbCrew, KonfCamp Etne b. Undervisningssamvær: sju temasamlingar og ei PULShelg c. Foreldrekontakt <ul style="list-style-type: none"> <i>haust:</i> «ein til ein-samtale» med konfirmant og føresett <i>vår:</i> foreldremiddag med info 8. Alphakurs for ungdom 9. Youth Alive (leir) <p>Innarbeidde tiltak:</p> <p>Dåpsførebuing Det er dåpsførebuing ein vekedag i forkant av gudstenester med dåp. Førebuinga har vore leia av den presten som skal ha gudstenesta.</p> <p>Dåphelsing Utsending av spisebrikke eitt år etter dåp med brev og helsing. Dette gjer vi ein gong i kvartalet. Y` s Men-Klubben har teke på seg å betala porto. Vi har òg frivillige som tek oppgåva med å klargjera til utsending.</p> <p>Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar Laurdagssamling kl. 12.00 - 14.00 med: måltid (graut), hobby (adventsstjerne), bibelforteljing(vismennene og stjerna) og utdeling av boka.</p> <p>Utdeling av 4-årsbok Dette inneber to samlingar for kvar 4-åring, ei førebuing-«undretur» og ei gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Det er fem slike opplegg kvart år, to i Nore Neset kyrkje og tre i Os kyrkje. Trusopplæringsmedarbeidar Hege Varhaug-Lekven er hovudansvarleg, kateket Hildur Løkken Lillestøl har hatt ansvar for Nore Neset dette året. Dei planlegg og gjennomfører dette saman med prest og organist som har ansvar for gudstenesta. Fleire frivillige tek del både på undretur og gudsteneste, og nokre vil vera tiltaksfadrar for dette.</p> <p>Utdeling av 6-årsbok Skulestartmarkering for alle 6-åringar i begge kyrkjene med utdeling av 6-årsboka. 66 barn tok del (ca. 28%) ein auke frå i fjar!</p> <p>Trusopplæringsmedarbeidar Hege Varhaug-Lekven var hovudansvarleg for planlegging og gjennomføring, dette saman med prest/kateket som hadde ansvar for gudstenesta. Vi fekk god hjelp av frivillige med registrering og utdeling.</p> <p>Lys Vaken I år inviterte vi for første gong til Lys Vaken i Os kyrkje, i tillegg til Lys Vaken i Nore Neset kyrkje</p> 

(for sjette gong). Tiltaket er svært populært blant deltakarane, påmeldinga var svært god i Os kyrkje, men Nore Nerset overraska med svært låg påmelding. Det vart gjennomført eit felles arrangement i Os kyrkje med vel 30 deltakarar (ca. 15%)
Hege Varhaug-Lekven var hovudansvarleg og hadde med seg Margrethe Askeland, Åse Kristin Urdal, Hildur Løkken Lillestøl , Trygve Helgesen,..... og Arne Tveit, som tok del i opplegget. Vi fekk god hjelp av foreldre/føresette til praktiske oppgåver både på laurdag og søndag. Gudstenesta fungerte godt i samarbeid mellom alle som deltok.

Konfirmantarbeid

a: Gruppene frå 2013/14

(Representert med hovudleiar og tal på deltakarar)

Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 25 stk.)

Join Us – Konfeband (Hallgeir Bjørnevik, 2 stk.)

Join Us – Ten Sing (Hallgeir Bjørnevik, 20 stk.)

KRIK eXplore (Nils Jøssang, 17 stk.)

KRIK Golf (Roar H Evjedal, 18 stk.)

KRIK Os (A og B) (Nils Jøssang, 43 stk.)

KRIK Sportsfiske (Hallgeir Bjørnevik, Hildur Løkken Lillestøl, 19 stk.)

Leir -Soul Survivor (Hallgeir Bjørnevik, Hildur Løkken Lillestøl, 17 stk.)

Leir – Sætervika (Jannike Gangstø, 15 stk.)

Samtalegruppe (Hildur Løkken Lillestøl, 2 stk.)

b: Vidareføring av konfirmantplan med fokus på relasjonsbygging

Vi har vidareført ordninga for konfirmantane med aktivitetsgrupper. Desse gruppene har undervisning i gruppene, og det fungerer godt.

Eit av måla med dette var å knyta relasjonar med konfirmantane og gjera dei tryggare i det kyrkelige fellesskapet. Her er vi komne eit stykke på veg, men har framleis ein jobb å gjera. Vi ynskjer å arbeida for å knyta konfirmantane opp mot det fungerande ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

c: Gudstenesteverkstad

Gudstenesteverkstad har vore ein viktig del av konfirmantopplegget vårt.

Her har prestane hatt førebuing til gudsteneste saman med

konfirmantgruppene. Dette har vi valt å endra på frå hausten 2014. Gudstenesteverkstaden er innlemma i PULShelga, der konfirmantane førebur sine oppgåver gruppevis (ministrantoppgåver, bønevandring, forsongargruppe) slik deltek dei aktivt på gudstenesta som er knytt til denne helga. Dette opplever vi som ei positiv endring.

d: Gruppene frå 2014/15

(Representert med hovudleiar og tal på deltakarar)

Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 25 stk.)

Join Us – Konfeband (Knut Anders Stokke, 5 stk.)

Join Us – Ten Sing (Hallgeir Bjørnevik, 20 stk.)

KRIK eXplore (Ole Kristian Kopperud, 15 stk.)

KRIK Golf (Roar H. Evjedal, 18 stk.)

KRIK Sportsfiske (Hallgeir Bjørnevik, Knut Ivar Askeland 17 stk.)

KonfCamp (Hildur Løkken Lillestøl, Magnhild Vik 55 stk.)

KlubbCrew (Nils Jøssang 15 stk.)

SamanFORandre (Magnhild Vik 13 stk.)

e: Konfirmantarbeidet haust 2014:

Fint å starta konfirmantopplegget som eit samansveisa team. Vi satsa friskt med eit storfellesskap og « Kick Off» på kyrkjeflaten for alle konfirmantane. Vi følgde opp dette med «ein til ein-samtalar» for konfirmant med føresette . Vi fordele samtaleane mellom alle tilsette som deltek i konfirmantopplegget (6 stk.). Dette vart ei svært positiv oppleveling for oss, sjølv om vi ikkje klarte å få til samtalar med alle. Det er eit viktig poeng å møta kvar enkelt konfirmant når vi har så store kull. I år har vi 188 konfirmantar .

Nytt for dette konfirmantkullet: SamanFORandre som har eit diakonalt perspektiv på aktivitetar og samlingar. Gruppa har hatt eit godt samarbeid med frivilligsentralen i Os. Klubb Crew er ei gruppe som er knytt opp mot Klubben (Tune In) der konfirmantane er med å arrangera enkelte temakveldar.

Konf Camp Etne er leirtilbodet til årets konfirmantar. Leiren vert arrangert av Normisjon, og er eit tilbod til konfirmantar i Bjørgvin m.fl.

Undervisningsopplegget

Opplegget med stasjons-undervisning har vi gjennomført på alle undervisningssamvær i haust. Dette har to opplagte fordelar: - Dei som underviser får jobba i team og deler innhaldet i hovudtema seg imellom . - Vi brukar færre ettermiddagar for å gjennomføra kvar temabolk.

PULS-helgene har undervisning utifrå same tema som før, men i tillegg har vi ein bolk med gudstenesteverkstad. Konfirmantane førebur då konkrete oppgåver til gudstenesta.

Evaluering av konfirmantopplegget: Vi har ein flott gjeng med konfirmantar! Vi ser positivt på at så mange konfirmantar har valt leirtilbodet Konf Camp. I tillegg har Båt&Sjøliv-gruppa reist på helgetur til skuleskipet

Gann som ligg i Stavanger. Vi vil arbeida for at alle konfirmantar får med seg ei leiropplæring i løpet av konfirmanttida frå neste skuleår. Når det gjeld gruppetilbod, vil vi gje eit tilbod til dei som ynskjer meir bibelkunnskap. Vi ser og at leiartrening og praktiske tenester i kyrkjelyden kan vera utgangspunkt for gruppeopplegg. Når det gjeld medarbeidrarar i konfirmantarbeidet, ville det vera svært positivt om vi fekk med mange frivillige leiarar i gruppene, på turar og i undervisninga. Det er mange flotte ressursar i kyrkjelyden som kan tilføra konfirmantane kunnskap og godt fellesskap.

Trusopplæringsutvalet

a: Medlemmene

Medlem i Trusopplæringsutvalet (TOU) er:

Torild Aadland, Roar Hallesby Evjedal, Svein Arne Bakke, Trygve Helgesen, Knut Inge Johnsen, Anne Margrethe Solheim Magnus, Gro Helen Blindheim Skjælaaen, Hildur Løkken Lillestøl (leiar), Hege Kathrin Varhaug – Lekven (sekretær)

b: Arbeidet

TOU har fortsett arbeidet med trusopplæringsplanen dette året.

VÅR 2014:

Drøfting og ferdigstilling av planen har føregått både i stab, TOU, sokneråd og i møte med mentor. Det har vore eit omfattande og til tider hektisk arbeid for å få kvalitetssikra planen i høve til:

- Målsetjingar og innhald i kvart enkelt tiltak.
- Vedlegg som skal vera gode arbeidsreiskap i gjennomføring av tiltaka
- Språkleg framstilling som er tydeleg og forståeleg og som ivaretok heilskapen i planen. TOU sluttbehandla planen i april og sendte han til soknerådet som behandla han i mai (?). Planen blei sendt Bispedømerådet i juni. Vi fekk tilbakemelding i oktober med nokre merknader som vi tok tak i for å utbetra planen. Før jul fekk vi endeleg godkjenning av planen, og vi har starta eit nytt, stort og viktig kapittel i arbeidet vårt; gjennomføring og utvikling av alle tiltaka.

Planen er ein reiskap for trusopplæringsarbeidet i Os kyrkjelyd. Den gjev oss nye utfordringar og skaper nye moglegheiter!

HAUST 2014:

Hovudsak er gjennomføring av etablerte tiltak og oppstart av nye. Vi har klart å følgja framdriftsplanen frå i fjor med nokre unntak

Desse tiltaka vart starta opp i 2014:

- Dåphelsing til alle 1-åringane. Sender spisebrikke med Noas ark i posten
- Utdeling av adventskalender til 3-åringane - samling på 5 ulike plassar
- Lys vaken i Os
- Youth Alive - Leir 15-åringar
- Alphakurs for 15-17-åringar

C: Framdrift våren 2015

- «Heilt førsteklasses» dåpsskule for 6-åringane (startar i februar)
- Dåphelsing til alle 2-åringane. Sender cd «Min båt er så liten» i posten
- Skapingsdagar 7-8-åringar (juni)
- Godheitsdagen for 12-åringar

Medhjelparar:

I mange av tiltaka ber vi foreldre hjelpa til med praktiske oppgåver. Vi har òg starta arbeidet med å få på plass tiltaksfadrar i dei nystarta tiltaka. Det er flott å oppleva at fleire har meldt seg til ulike tiltak og oppgåver. Tiltaket for 3-åringar er eit godt døme på at dette er ein god måte å rekruttera medarbeidrarar på.

I tillegg til dette må vi nytta ressursar i foreldregruppa, konfirmantgruppa og kyrkjelydsaktivitetane generelt, og invitera til deltaking i arbeidet blant barn og unge. Oppgåvene er mange og varierte, alt frå forbønn, kakebaking og praktisk tilrettelegging, til aktiv deltaking og medansvar for planlegging og gjennomføring av eit tiltak.

Samarbeidande organisasjonar

Os kommune

Det er samarbeid med kommunen på fleire område.

Samarbeid med Frivillig-sentralen om opplegg for konfirmantgruppe med diakonal profil har vore positivt og godt.

Det er òg samarbeidsavtale om skule/kyrkjesamarbeid for 4.- 6. klassetrinn:

- 4. klasse kyrkjebesøk med tema kyrkjebygget, kyrkjerommet og orgelet v/ kateket, organist og kyrkjetenar
- Arne Fossåskaret har gjort ein framifrå jobb der og i samband med barnehagegudstenestene!
- 5. klasse skulebesøk med tema Bibelen, utdeling av bibel til alle v/kateket
- 6. klasse kyrkjebesøk med tema Kyrkjemusikk og kyrkjearkitektur v/kateket og organist

I tillegg vart alle barnehagane og skulane inviterte til eigne adventsgudstenester; Det var eigne barnehagegudstenester på bedehusa i Søre Øyane og på Søfteland. Totalt 12 barnehagegudstenester og

	<p>skulegudstenester</p> <p>Trusopplærings-kommentar</p> <p>To trusopplæringstiltak har i 2014 vorte gjennomført for alderstrinnet 12-18 år for fyrste gong:</p> <p>Ungdoms Alpha og Youth Alive leir.</p> <p>Ungdoms Alpha: Hausten 2014 starta trusopplæringstiltaket Ungdoms Alpha opp for fyrste gong.</p> <p>Målet var at ungdommen får samtala om og setja ord på sitt forhold til Gud i trygge omgivnader. 16-åringen veks og utviklar seg mot å ha oppgåve som medleiar. Ungdommen kjenner dei viktigaste elementa i kristen tru.</p> <p>Alle fjarårskonfirmantar vart inviterte i tillegg til ungdommar frå kyrkjelyden. Alpha-kurset vart halde kvar fredag 17.30-19.00 over ti kveldar. Kurset byrja med heimelaga middag og brus rundt småbord i Klubbrommet. Mens middagen vart servert, blei ein Ungdoms Alpha-film vist. Dette er ein «underhaldande» undervisningsfilm tilrettelagt for ungdom. Filmen tek opp ulike tema i forhold til tru, som til dømes «kven er Jesus» eller «kven er Den Heilage Ande.» Underveis i filmen vart det stilt spørsmål til sjåarane. Filmen blei stoppa, og gruppeleiarane rundt dei ulike borda fekk i gang ein samtale i gruppa si om temaet.</p> <p>Her fekk deltakarane mulighet til å komma med sine tankar og refleksjonar rundt temaet som vart tatt opp i filmen. Etter dette var det sosialt samvær. Oppmøtet har variert frå 14 – 5 stk. Dei 7 første gongene var oppmøtet størst, mens dei 3 siste kurskveldane verka det som om nokon «datt av». Dette truleg fordi det er fredag og ungdommane er «slitne» etter ei lang veke, men også fordi 10 fredagskveldar truleg er for mykje. Sju kveldar hadde kanskje vore meir passeleg. Alt i alt har kurset vore vellykka. God stemning og gode samtalar. Dette er absolutt til gjentaking for neste år.</p> <p>Youth Alive Leir:</p> <p>Målet med leiren var å skulla vera eit breidde-tiltak året etter konfirmasjonen, der ungdommen opplever å vera inkludert i eit fellesskap på leir saman med ungdommane frå dei kontinuerlege tiltaka i kyrkjelyden. At ungdommen får høyra forkynning og personlege vitnesbyrd, og at dei erfarer lovsong og bøn.</p> <p>Tema for leiren i år var <i>Den Heilage Ande</i>.</p> <p>Det var ca. 20 deltagarar pluss leiarar og gruppeleiarar på Youth Alive i år. Det var god forkynning og bra lovsong, noko som resulterte i sterke opplevelingar for fleire av ungdommane som var på leiren. Det var også mykje leik og moro. Det var dessverre ikkje mange av fjarårs konfirmantane som melde seg på leiren i år. Her må ein truleg ut med mykje meir informasjon i svært god tid på førehand, skal ein lukkast i dette. Helst bør ein gjera det til ein «snakkis» under sjølve konfirmantåret. Driver ein meir P.R. for leiren i forkant, kan dette verta ein endå større suksess som kan nå ut til mange fleire neste år.</p>
9.0	<p><i>Diakoni</i></p> <p><u>Diakoniutvalet</u></p> <p>Diakoniutvalet 2014 var sett saman slik: Øystein Hetlevik, Ragnhild Haugland og Gunnar Kvåle.</p> <p>Diakoniutvalet har i år hatt fokus på: flyktningar som nyleg har kome til Os, glede av å gjera frivillig arbeid, kva ein kan gjera for «utsett ungdom» i Os og <i>Grøn kyrkjelyd</i>.</p> <p>Flyktningar</p> <p>I samarbeid med Nav vart det i år også arrangert fisketur for innvandrarar i juni. Dei som var med på fiseturen blei invitert på middag i Kyrkjetunet på hausten. Dialog er oppretta, med ønske om å halda han gåande ved om mogeleg å gjenta ny middag til våren. Dette vart gjort for å ønske flyktningane velkommen til Os og velkommen til kyrkja.</p> <p>Utvalet, med Gunnar Kvåle i spissen, ønskte endå større fokus på området <i>vern om skaparverket</i>. Utvalet har hatt miljøtips i kyrkjebladet, og ønsker å fullføra prosessen mot å verta ei «<i>Grøn kyrkje</i>»</p>

	<p>Samarbeid, frivillig arbeid og Ope Hus</p> <p>Os kyrkje har òg i 2014 hatt godt samarbeid med Os frivillig-sentral. Konfirmantgruppa «Saman Forandre» er oppretta med intensjonen om å gjenoppliva gleda ved frivillig arbeid og gleda ein får av å gjera andre glad. Dette for at den nye generasjonen ikkje skal la dette gå i gløymeboka. Gruppa har vore med å arrangera kafé under tv-aksjonen, strikkekveld for unge og eldre, og vil i året som kjem vera meir med på å gle eldre i Os. Intensjonen med gruppa er òg at dette vil spreia seg i Os, og at gleda i det å hjelpe kvarandre kan blomstra meir opp i bygda igjen.</p> <p>I samarbeid med Os frivillig-sentral og foreininga <i>Mot Rus</i> vart det arrangert Ope hus 2. juledag i Os Kyrkjelyd også i år. Dette var i hovudsak for dei som ikkje har familie å feira jul med, rusmisbrukarar og elles dei som ønskjer å koma. Det var nærmare 40 personar som kom på festen. Takka vera ulike bidrag frå frivillige som stilte med mat, kaker og villige hender, samt gåver frå gartneri og enkeltpersonar, vart det ein svært fin kveld!</p> <p>Sorg</p> <p>Dei som har mist ein av sine i Os, har i år også fått tilbod om å få eit lys på døra av ein frivillig, saman med ein brosjyre med litt informasjon om det å vera i sorg, samt informasjon om mogelegheit for sorggrupper eller samtalar. Tanken er at dette kan vera til glede, trøyst og håp for dei etterlatne. I november vart det også invitert til minnegudstenester i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje. Her vart det tent lys for å minnast kvar enkelt som gjekk bort det siste året.</p> <p>Ungdom</p> <p>Hausten 2014 vart det på ny tenkt ut kva som kan gjerast for å nå «utsett ungdom». Tilbodet «Etter skuletid» vart utprøvd. Her var målet å nå «utsett ungdom» ved å invitera dei til mat og leksegjering rett etter skulen. Det viser seg at det tek tid å oppretta nye tiltak, og at desse spesielt «utsette» ungdommane likevel var i Kyrkjetur under andre arrangement tilknytt kyrkja, som klubb og kor. Foreløpig er det meir naturleg å ta kontakt med dei der for å oppøva tillit, og evt oppretta noko eige for dei etter kvart.</p>
10.0	<p>Kyrkjemusikk</p> <p>Musikkutvalet</p> <p>Utvalet er delt i to undergrupper: Gudstenestegruppa og konsertgruppa.</p> <p>Gudstenestegruppa har ansvar for å samordna kontakten med musikk-krefter i og utanfor kyrkjelyden. Dei har som målsetjing at kvar gudsteneste skal ha eit musikalsk innslag i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon, der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhørt publikum, kyrkjelyden får musikkopplevingar og meir varierte gudstenester, og kyrkja styrker rolla si i lokalsamfunnet. Det vert heile tida jobba med det som mål at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvar 6.- 8. veke møtest vi for å planleggje musikkinnslag for kvar gudsteneste. Medlemmene i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvædt, Torgeir Skjælaaen og kantor. Dei frivillige som har delteke er: Kyriakè, kyrkjekoret, Last minute-koret, Fonos, Os vocalis, Os musikkforening, Lysekoret, Os mannskor, Os speleemannslag, Pensjonistkoret, Os kammerkor, Gladsangere, Join Us, Sofie Haukås, Silje Haukeland, GTONO trio (Grethe Inger Berge, Toril Myklebust Lie og Norvald Kobbeltvædt), Eirik Spangelo Haga, Grethe Inger Berge, Øyvind Vedvik, Øyvind Gjerde, Martin Herfjord, Helge Haukås, Astrid Bjelland, Gro Helen og Torgeir Skjælaaen, Marthe Skjælaaen, Oddgeir Bjelland, Thore Lunde, Tonje Hernes, Tuva Hovland, Silje Kuven Odland, Madeleine Midtsæter, Linn Kjerstin Rondestveit, bandet for 5 på 11, Tweens og elevar frå Kongshaug, leia av Frode Jakobsen. Takk til Arvid Varpe og Norvald Kobbeltvædt som har vikariert som instrumentspelarar på sjukeheimen.</p> <p>Konsertgruppa har ansvar for å arrangera konsertane under nemninga «Musikk i kyrkja». Tanken med dette arbeidet er å samordna og synleggjera det rike konsertlivet i kyrkjene, mellom anna med opptrykt semesterprogram. Ei anna målsetjing er å lyfta fram unge talent og gje lokale utøvarar høve til å opptre. Gruppa tilbyr marknadsføring og arrangørhjelp til dei som vil halda konsertar. Konsertgruppa møtest 2-3 gonger per semester. Medlemmene i konsertgruppa er Knut Vidar Garlid, Øyvind Vedvik og kantor. Konsertar i 2014 under «Musikk i kyrkja»: 3. januar med trombone; 27. april med populær barokkmusikk; 9. november med Divisikoret.</p>

	<p>Andre konsertar</p> <p>Det har vore ca. 20 konsertar i kyrkjene. Dette er ein høg aktivitet, og berre 5 av konsertane var rein utelege til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 9 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 6 arrangement. Nore Neseit kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i kyrkjelyden, og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartner for det lokale musikklivet i Os.</p> <p>Salmebok 2013</p> <p>I vår tok vi den nye salmeboka i bruk. Salmeboka har 899 salmar både på bokmål og nynorsk i ei bok. I tillegg er det nokre salmar på engelsk, samisk og kvensk. Boka inneheld liturgiske ledd, ei bønnebok og ei katekisme. Salmeboka vil tena oss godt gjennom mange år.</p> <p>Vaksenarbeid – Kor</p> <p>Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leia av kantor. I tillegg er det to forsongargrupper som leier salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. Last minute-koret syng 1- 2 gonger per semester. Med ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriakè, leia av Norvald Kobbeltvedt, og Fonos, leia av Stine Kobbeltvedt. Begge kora syng på fleire gudstenester årleg. Kyriakè byd stadig kyrkjelyden på noko såpass spesielt som nyskriven musikk til dagens bibeltekst, komponert av Norvald Kobbeltvedt. Fonos har utvikla seg til å bli eit av dei mest populære kora i Os, med mange dyktige yngre songarar og eit pop/vise/gospel-prega repertoar. Join Us syng på fleire gudstenester i løpet av semesteret, og dei har også sin eigen konsert på våren.</p> <p>Ressursar</p> <p>Anita Haugland Berge tok permisjon i august som organist/trusopplæringsmedarbeidar. Åse Kristin Urdahl fekk vikarstilling som organist. Anita kjem venteleg tilbake i august 2015. Det er også mange andre fra kyrkjelyden som er aktive på musikksida og som spelar og syng på ungdomsgudstenester, 5 på 11-gudstenester, familiegudstenester osv. Elevar frå Kongshaug musikkgymnas deltek jamt. Det same gjer songarar, musikarar og lag frå musikklivet i Os.</p> <p>Åse Kristin er også pianostemmar og har ansvar for 5 piano: 3 i Kyrkjetunet, eit i Os kyrkje og eit i Nore Neseit kyrkje. I tillegg til orgel og piano spelar Åse også gitar. Av og til spelar ho til andakter på sjukeheimen.</p>
11.0	<p>Anna kyrkjelydsarbeid</p> <p>Torsdag i tunet</p> <p>TiTT har hatt månadlege samlingar (8-9 i året). Ramma for kveldane har vore: Opning og enkel kveldsmat. Foredragshaldar som presenterer sitt stoff. Deretter prat rundt borda og høve til kommentar/spørsmål, nokre gonger enkelt ordskifte. Til vanleg er det også ein musikar som speler litt «taffel» når folk kjem + under måltidet. Tema har vore ulike, men oftast med ein link mot diakoniens 4 dimensjonar (nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.) Oppslutninga har variert frå ca 15 til 35 ++. Tidvis svakt oppmøte kjennest som sterke slitasjen. Som arrangør kjenner komitéen på ein type forlegenhet når ein har henta inn ein ressursperson og berre få finn vegen til TiTT. Internt har ein sett som ein type krav; oppslutning på minimum 25-30 personar for at ein skal halde fram. Komitéen har vore sett saman av: Øystein Hetlevik, Edle S. Lunde, Torhild Frønsdal og Jannike Gangstø (frå våren 2014 Gerhard Hansen).</p> <p>Søndagssamlingane</p> <p>held fram etter same mal. Særskilt inviterte er menneske med psykisk utviklingshemming. Det er 5 samlingar om våren og 4 om hausten. Ein trufast gjeng frivillige medarbeidrarar stiller opp og gjer klar lokala og dekkjer til kaffibord med heimebakte kaker. Norvald Kobbeltvedt er impresario og syter for at det alltid er gode musikk-krefter på desse samlingane. Bibelforteljing, musikk, allsong, kaffi og kaker er faste programinnslag. Gudstenesta påskedags ettermiddag er også blitt eit populært tiltak.</p> <p>Koinonia</p> <p>Livskraftig arbeid for og med dei som har høve til å samlast på føremiddagen. Det er mange frivillige, spennande program og stor oppslutnad. Ei trufast gruppe, med Per Fimreite i spissen, har utarbeidd</p>

program, ordna praktiske og kulinariske oppgåver samt planlagt ein årleg tur over 3-4 dagar til ulike reisemål i Noreg. Ei viss ny-rekruttering i arrangørkorpset har vore naudsynt.

Koinonia-opplegget i Os har også vore modell for tilsvarende samlingar i mange andre kyrkjelydar.

Eldretreffet

Kaare og Anny Bakke er trufaste i dette arbeidet. Tiltaket er eit samarbeid mellom Os sanitetsforening og Os kyrkjelyd. Eldretreffet samlast ein tysdag i månaden, og der er alltid ein gjest som held kåseri eller foredrag. 40-50 eldre finn seg plassar kring dekte bord i Kløvertun. Første tysdag i juni var eldretreffet på dagstur til Austevoll.

Sorgarbeid

Det er eit privilegium at vi som kyrkjelyd får vera med så mange menneske i dei mest sårbare situasjonane i livet. Vi ynskjer også som kyrkjelyd å vera der vidare for dei som måtte ha trond for det.

- Vi inviterer til sorgsamling på vårparten ein gong. Der er det ein kombinasjon av fagleg innhald og sosial prat over ein kopp kaffi. Det er ikkje så mange som kjem, men dei som kjem gjev uttrykk for at dei har nytte av det.
- Minnegudstenestene helgemesse-søndag er godt besøkte.
- Dei siste åra har alle som har hatt gravferd med ein av kyrkjelyden sine prestar, fått tilbod om å få vitjing av ein frivillig som kjem med lys på døra.
- Nokon har gitt uttrykk for at dei ynskjer nokon å snakka med. Vi har hatt tilbod om sorggrupper, men dette tiltaket ser ikkje ut til å treffa behovet som er der. Vi er difor i ferd med å prøva ut andre måtar å følgja opp sørkjøande på.

Misjonsarbeid

- Misjonsforeiningar, NMS-samarbeid. Det faktum at kyrkjelyden igjen har fått ein kapellan som har vore utsending for NMS, er utan tvil ein styrke for misjonsmedvitet i kyrkjelyden.
- SR oppretta misjonsutval igjen. Øyvind Vedvik er leiar, Osvald Hindenes er sekretær og medlemmer er Anne Marit Vedvik, Tryggve Lillestøl og Ingvill Hallesby Evjedal.
- NMS-gjenbruk. Butikken går bra, og mange frivillige bruker tid på dette.
- Kyrkjelyden hadde besøk frå «Garden-of-Eden» i Kenya, med deltaking i gudsteneste og konsert i Nore Neset kyrkje.

Bibelgrupper og husfellesskap

Det finst bibelgrupper og husfellesskap. Men det er vanskeleg å få eit oversyn over desse gruppene, og om det finst opne grupper.

Saman i bøn

Personar frå ulike kristne forsamlingar i Os samlast til bøn og fellesskap eit ukjent tal gonger per år.

Prostisamarbeid

Frå og med 1. mars var Midhordland prosti historie, og Os sokn er blitt ein del av Fana prosti. Eit unnatak: Det samarbeidet som var i Midhordland om å utarbeida trusopplæringsplanar heldt fram til planane var ferdige.

Overgangen frå eit lite prosti der det var god oversikt og nære relasjoner mellom prestane, mellom stabane og mellom frivillige, og til store Fana prosti krev tilvenning både for prestane og for tilsette og frivillige. Store einingar er utfordrande og krevjande, men gjev og nye mogelegheiter for fagleg og tverrfagleg samarbeid.

Alpha-kurs

I haust starta ein Alpha-kurs i Nore Neset kyrkje. Trass i berre 5-7 påmelde vart kurset gjennomført.

Kyrkjelydshelg til Helgatun

Rundt 35 samla seg til kyrkjelydshelg på Helgatun 19.-21. sept. Høg trivselsfaktor med turar, hyggelege samvær og gode måltid. Men også gode drøftingar omkring kyrkjelydsbygging, samt bibeltime og gudsteneste.

12.0	<p>Mediearbeid</p> <p>Os kyrkjeblad: Bladet kjem ut med 8 nr (á 16 sider) og vert fulldistribuert til samtlege husstandar i Os. Anne Marie Aarøen Vangsnes var redaktør fram til sommaren 2014. Vi har ikkje lukkast i å rekruttera ny medarbeidar her, og kyrkjeverja har fungert som redaktør hausten 2014.</p> <p>Ulike undersøkingar syner at kyrkjebladet når breitt ut, og det er vårt klåre inntrykk at mange i Os les bladet delvis; mange «frå-perm-til-perm». Men det er stadig færre som betaler for bladet; i fjor fekk vi inn ca. 104-tusen i bladpengar (frivillig kontingent på kr 200,-). Det betyr at berre i overkant av 500 husstandar av over 7000 betaler kontingent. Isolert sett gjekk bladet i underskot med 250-tusen; då er verdien av arbeidstida tilsette har brukta på bladet ikkje medrekna.</p> <p>Heimesida www.os.sokn.no har vore under vurdering. Heimesida og den tekniske løysinga er ikkje tilfredstillande. Frå sentralt kyrkjeleg organ kom det i haust tilbod om å slutta seg til felles kyrkjelege system for heimesider. Dette systemet har klåre fordelar, men også ein del ulemper. Kyrkjeverja er framleis usikker på kva løysing ein vil tilrå, men dette vil soknerådet venteleg ta stilling til første halvår 2015.</p> <p>I Os er det 2 kommersielle heimesider (www.nyttios.com og www.midtsiden.no) som formidlar nyhende og ulike presentasjonar om det som skjer i Osbygda til eit breitt publikum. Kyrkja sender stadig meldingar til desse, samt lokalavisa Os & Fusaposten. Tidvis gjev alle desse oss spalteplass, og såleis får vi informert om ulike saker og arrangement.</p> <p>Facebook: Øyvind Gjerde har oppretta ein profil på Facebook der det tidvis vert lagt ut informasjon; i hovudsak knytt til trinn III – utbygging av Kyrkjetunet.</p>
13.0	<p>Frivillige medarbeidarar</p> <p>Os kyrkjelyd har mange flotte frivillige medarbeidarar, og dette er vi glade og takksame for. Deira innsats er heilt avgjerande for å kunna oppretthalda det mangfaldet vi har av aktivitetar og tilbod i kyrkjelyden, og ikkje minst for gjennomføringa av gudstenestene. Men for å unngå at det blir for mykje ansvar på enkeltpersonar, har vi heile tida behov for fleire frivillige. Vi jobbar difor kontinuerleg med rekruttering og er glade for dei nye frivillige medarbeidarane som kom til i 2014!</p> <p>For gjennomføring av gudstenestene ser vi at vi har ei stor og stabil gruppe frivillige som gjer ein viktig innsats. På kvar gudsteneste er det i snitt 4-5 medhjelparar, i tillegg til 2 på kyrkjekaffi og 1-2 på barnesamling.</p> <p>Gruppa består i alt av ca 50 medhjelparar fordelt på 110 gudstenester i året. Vidare er det ca 130 aktive frivillige som bidrar på ymse vis og som moglegger vårt tilbod av aktivitetar (søndagsskular, Ten Sing, speidar, konfirmantarbeid, reinhald og dugnadsarbeid i Kyrkjetunet, Koinonia, ulike utval og styre, m.m.)</p> <p>Også i 2014 arrangerte vi i staben frivilligfest for å heidra og takka dei frivillige. Vi i staben har fått fleire gode tilbakemeldingar på at dette er eit motiverande tiltak som bidrar til å styrkja samhaldet i kyrkjelyden.</p>
14.0	<p>Samarbeidande organisasjonar</p> <p>Bispedømerådet valde å leggja ned Midhordland prosti frå 1. mars. Os og Austevoll sokn blei lagt til Fana prosti. I samband med dette vart det òg gjort rokking av prestar. Prost Margrethe Holmboe Askeland gjekk tilbake til stillinga som sokneprest i Os, prostiprest Knut Ivar Askeland i Midhordland hadde eit par år vore delt mellom kapellanstillinga i Fusa og presteteneste i Os. Han vart no omplassert til seniorprest i Fana prosti med Os som tenestested. Dette fekk full verknad frå hausten 2014, så etter den tid har Os hatt 3 prestar og dermed full bemanning.</p> <p>Os kommune</p> <p>Formelt samarbeid gjennom møte og prosessar knytt til budsjettering (Os kommune finansierer den lokale kyrkja og gravplassforvaltinga), men òg gjennom faste dialogmøte (frå kommunen: rådmann og ordførar, frå soknerådet: soknerådsleiar, sokneprest og kyrkjeverje) der informasjon blir utveksla.</p> <p>Ved TV-aksjonen var mange i kyrkjelyden aktive, og vi hadde eit flott samarbeid med kommunen sin</p>

innsamlingsorganisasjon som i 2014 sette lokal innsamlingsrekord. Kirkens Nødhjelp sitt arbeid var eit formål mange ville vera med på å støtta; både gjennom bidrag, og ikkje minst gjennom aktivt innsamlingsarbeid.

Stiftinga Nøtteliten

Nøtteliten barnehage på Søfteland vart etablert som ei stifting i 1999, og etter vedtekten er det Søfteland indremisjon og Os sokneråd som nemner opp styremedlemmer. Styret i 2014 var sett saman av Gerhard Hansen (leiar) og Anne H. Sundfjord (oppnemnde av Os sokneråd), og Elin Skaathun (sekr) og Hildegunn Myhre Dale (nestleiar); dei to siste oppnemnde av Søfteland indremisjon.

Nøtteliten barnehage er einaste barnehage i Os med utvida kristen målsetjing. Barnehagen har nær 100 plassar og 22 årsverk. Dagleg leiar er Wenche Aabakken.